



Reguleringsføresegner for, del av Åmlihaugen gnr.53 bnr.9, og del av Kostveit gnr 51 bnr 2, Vinje

- FØRESEGNER**
- § 1
Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet. Infrastruktur VVA, kablar o.l skal visast som vedlegg til planen
- § 2
Området er regulert til fylgjande føremål:
Byggeområde
Område for jord og skogbruk
Spesialområde (veg)
- §3 BYGGEOMRÅDE
- HYTTER/ FRITIDSBYGG
- a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.
b) Frittliggende hytter skal ikkje ha meir enn 100 m2 BYA (bygd areal). Bygningane skal ha saltak, gesimshøgde maks. 3,0 m. mønehøgde maks. 5,5 m. over terreng. Grunnmur skal normalt ikkje vera høgare enn 0,8 meter over opphavelog terreng. Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kledding og naturvenlege, mørke fargar. Lafta tømmerbygningar kan nyttast. Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 24 - 32 grader og tekkast med torv.
c) Med byggesøknad skal det ligge situasjonsplan i mål 1:500 som syner: Tomtestorleik, plassering av bygningar og anlegg, intern veg parkering o.a
d) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på. Felling av større tre skal skje i samråd med eigar av gnr.53 bnr.9 evt gnr. 51 bnr. 2.
e) Mellom eventuelle verandapillararar skal det gjerast mot beitedyr.
f) Det er ikkje tillete med gjerde eller flaggstenger.
- § 4 SPESIALOMRÅDE
- 4.1 Privat veg
a) Opparbeidd privat veg, grusveg, b. 3,5m skal nyttast som tilkomstveg til hytter og eventuelle parkeringsplassar, til landbruks/skogbruksdrift og til kommunale oppgåver. Skjerings- og fyllingsutslag kan koma inn på areal som ligg inntil regulert veg.
4.2 Bevaring bygg /anlegg
Regulert bevaringsområdet femmer om kolgroper og gravrøys, som er verna av kulturminnelova, og eit område rundt desse. Det er ikkje høve til å setja i verk tiltak av noko slag innom bevaringsområdet.
- §5 VATN OG AVLAUP
Fritidsbustader skal ha låg sanitær standard.
Fritidsbustadane kan ikkje ha innlagt vatn, men ha vasspostar ute. Det skal nyttast biodo.
- §9 RENOVASJON
Hushaldsavfall vert tekje hand om av kommunen gjennom tvungen renovasjonsordning.
Hytteegarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå renovatør, Renovest.
- §10 STRAUMFORSYNING, FIBEROPTIKK O.L
Alle typar kablar skal leggst i grøfter i samsvar med leiingsplan for området.
- § 12 DISPENSASJON
Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygningslova.
- §13 PRIVATRETTSLEGE AVTALER
Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.

UTBYGGINGSPLAN MED FØRESEGNER
del av gnr 53 bnr.9 Åmlihaugen, og del av gnr.51 bnr.2 Kostveit, Vinje

Endra		bh
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA		
Kunngjering av reguleringsarbeidet		dato
1. gongs handsaming i kommunen	sak 08/110	08. 09. 08
Utlegging til off. ettersyn		bh
2. gongs handsaming i kommunen	sak 08/148	12. 11. 08
kommunestyret sitt vedtak		bh
Planen er utarbeidd av: arkitekt BJØRN HUSTVEIT 3890 Vinje		
	Utby.plan	REGULERINGSPLANEN VEDTEKEN
	24.juni 2008	12/11/08
	PLM/sak	08/148

Teikenforklaring pbl. §25 reguleringsføremål

Område for jord- og skogbruk	Privat veg
Byggeområde §25 nr.1	BEVARINGSOMRÅDE AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE
Område for fritidsbebyggelse	Gravrøys
Eksisterande hytte	Kolgroper
Nye hyttetomter	Avgrensing av planen
	Eigdomsgrense

KARTGRUNNLAG . ØKONOMISK KARTVERK ekv.d. 1m. Mål : 1 : 2500